

Betre valgordning i Uskedalen.

24.03.2017

Då saka om valkrinsar ved det komande stortingsvalet skulle opp i kommunestyret i går, var det håp om at Uskedalen på ny skulle verta eigen valkrins. Dette vert det ikkje då økonomi stoppa den auken i talet på valkrinsar som m.a. H og SP hadde signalisert at dei ville gå inn for. Det blir likevel høve til å røysta i Uskedalen ved dette valget, men det vert såkalla ambulerande røysting. Det vart også understreka at tidene ved ambulerande røysting måtte både utvidast og tilpassast veljarane si fritid. Rådmannen kjem tilbake med endeleg gjennomføring. Ved sist kommunevalg var det ikkje slik røysting i Uskedalen.

tid